

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 21.05.18

SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim

SAKA GJELD: Årsrapport 2017 tilsetteskader og HMS- hendingar

STYRESAK: 33/18

STYREMØTE: 28.05.18


FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Tilsetteskadar og uønskte HMS-hendingar 2017

Statistikken er tatt ut 14.02.18.

Gjennom avvikssystemet Synergi kan vi sjå at det er ein auke i tal melde hendingar tilsetteskadar/HMS-hendingar i perioden 2013 – 2017.



Figur 1: Utvikling i registrerte tilsettskadar, HMS-hendingar og forbetningsområde som gjeld HMS/tilsettskadar 2013 - 2017.

Sidan 2013 er talet på meldingar om uønska hending med eller utan konsekvens meir enn dobla. Det gir grunnlag for å seie at meldekulturen er i ei positiv utvikling.

Saker og hendingar

Sakstypar:

I dei følgjande statistikkane har vi tatt med kun 3 sakstypar:

1. Uønskte hending HMS/ansattskade med konsekvens
2. Uønskte hending HMS/ Ansattskade utan konsekvens
3. Frekvente hendingar, nesten –uhell, HMS eller ansattskade

Hendingstypar

Hendingstypene har to hovudkategoriar:

- Ansattskade
- HMS-hending

Ansattskade kan til dømes gjelde:

- Vald og truslar
- Stikk, kutt, blodsøl med smittefare
- Fall, forstrekkingar som følgje av forflytting av pasient eller samanstøyt med gjenstand
- Uhell med kjemikaliar
- Uhell med strålebruk


HMS-hendingar er slik som gjeld:

- Arbeidslokale, inneklimate, støy
- Avfall
- Brannvern
- Arbeidstøy, Arbeidsutstyr, elektromagnetisk utstyr
- Psykososialt arbeidsmiljø
- Organisatorisk arbeidsmiljø
- Uhell med kjemikaliar, cytostatica eller strålebruk som ikkje er ansattskade

Skillet er ikkje alltid logisk, og ein ny inndeling er ønska.


Hendingstype vert registrert av den som sakshandsamar saka, ikkje av den som melder. Hending som ikkje er ferdig handsama, er difor ofte ikkje påført hendingstype. I Synergi fell desse ut av statistikkane når vi sorterar på hendingstype. Summen av hendingar sortert etter hendingstype, vil difor vere lågare enn talet på saker sortert etter sakstype.

Klinikkvis fordeling av tilsetteskader og HMS-hendingar



Figur 2: Melde tilsettesaker pr. klinikk/område 2017, 2016 og 2015.


Klinikk for psykisk helsevern har flest melde saker som gjeld tilsetteskadar.



Figur 3: HMS-hendingar pr. klinikk/område 2017, 2016 og 2015


Det er Klinik for medisinsk service og beredskap som har flest meldingar om HMS-hendingar. Klinikken har vore aktiv i avklaring av kva for saker som skal meldast. Klinikken har også jamleg gjennomgang av meldingane.

Uønskete hendingar fordelt på hendingstype



Figur 4: Melde tilsetteskader 2017, fordelt på hendingstypar - med og utan konsekvens.

Vald og truslar om vald er dei dominerande hendingstypar. På tredje plass finn vi stikkskadar. Fall, forflytting /løft, kutt, støyt/treff av gjenstand kjem deretter. Slik var det også i fjor.



Figur 5: Melde HMS-hendingar 2017, fordelt på HMS-hendingstypar – med og utan konsekvens.

Blant HMS-hendingar, er organisatorisk og psykososialt arbeidsmiljø område som har fått mange meldingar. Slik var det også i 2016 og 2015. Klinikk for medisinsk service og beredskap og medisinsk klinikk har dei høgaste tala.

Klinikk for medisinsk service og beredskap ligg også høgt i tal meldingar som gjeld smitte/biologiske faktorar.

Organisatorisk arbeidsmiljø dreier seg oftast om manglande samsvar mellom oppgåver og ressursar.

Psykososialt arbeidsmiljø

Meldingar som gjeld psykososialt arbeidsmiljø handlar oftast om motsetningar mellom kollega eller leiar/medarbeidarar.

Kjemikalier

Det er i 2017 registrert 15 meldingar i Synergi som gjeld kjemikalier, mot 12 i 2016.

13 av meldingane i 2017 kjem frå Medisinsk service og beredskap. Laboratoria ligg i denne klinikken og det er her dei farligaste kjemikaliane er i bruk. Det er også her uønskte hendingar som involverer kjemikalier har mest fokus.

Stikkskadar

Medarbeidarar som stikk seg på brukte nåler, vert bedne om å gjennomgå eit testprogram for å sjekke om stikket førar til smitteoverføring. Denne rutinen gjeld uansett om personen som nåla har vore brukt på har ein smittsam sjukdom eller ikkje. Sannsynlegheita for å bli smitta, er ikkje stor. Konsekvensen av å bli smitta kan likevel vere ganske stor. Testingane har vore gjennomført i alle dei åra Helse Fonna har eksistert, og vi har ikkje nokon gong avdekka smitteoverføring som kan førast tilbake til slike stikkskadar. I 2017 er det registrert i alt 96 (106 i 2016) nullprøvar og prøvar av i alt 131 personar (131 personar også i 2016).

Vald og truslar

Vald mot personalet kan vere relasjonell vald som er ei bevisst handling for å ramme andre, eller det kan vere instrumentell vald der skaden er eit middel for å oppnå andre fordeler, f. eks. å kome seg sjølv i sikkerheit. Vi ser begge deler blant dei uønskte hendingane som vert meldt. Den valdelege hendinga vert gjerne utløyst av følelsar som frykt, forvirring og frustrasjon. Pasientar som er innlagt og må følgje sjukehuset sine reglar kan oppleve avmakt. Dårleg og manglande empatisk kommunikasjon eller kommunikasjonssvikt er også kjent å kunne utløyse vald og truslar.

Klinikk for psykisk helsevern har dei fleste situasjonane som inneber vald og truslar. Dei har også størst fokus på området.


Kurs i førebygging av vald og truslar i somatikken starta i 2015. I løpet av 2015 og 2016 var det gjennomført 22 kurs.

I 2017 har 218 tilsette deltatt i slike kurs.

Sakshandsaming i Synergi

Rask sakshandsaming og rask og god tilbakemelding til melder er av stor betydning for om den enkelte finn det meningsfylt å sende inn meldingar i Synergi. Oppfølging av framdrift i saksbehandlinga vil difor kunne bidra til betre meldekultur. Det er frå leiarnivå tydeleg kommunisert at det skal gjennomførast fortløpande saksbehandling av saker.

I 2017 er 70% av sakene avslutta innan 60 dagar og 81% innan 90 dagar.



Figur 6: Uønskte hendingar på HMS/tilsetteskader og sakshandsamingstid. Statistikk tatt ut 14.3.18.

Meldekultur

Talet på meldingar har auka monaleg frå 2013 - 2017, men føretaket har framleis potensiale for å byggje betre meldekultur og at avvikssystemet vert nytta optimalt.

For at det skal vere overkommeleg å bruke Synergirapportane jamleg i personalmøta, vise at meldingane vert sett og brukt til forbetring, er det heilt naudsynt at det er enkelt å ta ut rapportar og at leiarane får opplæring i dette arbeidet.

På området for Pasienttryggleik er hendingstypene endra. Dei ynskja endringane på området for HMS/ansattskade er ikkje endeleg sett i verk.